

Til: Styret for Naturhistorisk museum

Sakstype:	Orientering
Saksnr.:	O-sak 4
Journalnr.:	13/1029
Møtedato:	04.04.2013
Saksansvarlige:	Helleve

Sakstittel: Bruk av bilder fra NHMs nett

Spørsmål reist av Berit F. Moen pr. e-post:

Jeg ønsker på neste styremøte å få en orientering om hva som er NHM politikk for å gjøre bilder tilgjengelig på web. Noen problemstillinger: Er det intensjoner om å gjøre bilder søkbare på nett, og vil det eventuelt være gratis eller medføre kostnad å bruke? Fins det retningslinjer for avtaler med fotografer for å gjøre bilder tilgjengelige?

Vedlagt orientering fra Torstein Helleve



Naturhistorisk museum

Postadr.: Postboks 1172 Blindern, 0318 Oslo
Kontoradr.: Sars gate 1, Tøyen, 0562 Oslo

Telefon: 22 85 50 50
Telefaks: 22 85 18 32
postmottak@nhm.uio.no
www.nhm.uio.no
Org.nr.: 971 035 854

Orientering fra kommunikasjonsansvarlig ved NHM – Torstein Helleve

NHMs bilete kjem i tre hovudkategoriar:

1. Dokumentasjon av samlingane
Formålet med desse bileta er dokumentasjon av samlingmateriale. Dei har ingen kunstnariske aspirasjonar, hensikta er å gje att objekta på ein måte som er mest mulig nyttig for brukaren
2. Høgkvalitets fotografi
Fotografi av høg fototeknisk og gjerne kunstnarisk kvalitet, teke av fotografane ved NHM. Desse bileta har eit visst kommersielt potensiale. I ein del tilfelle overlappar bileta her med kategori 1.
3. Bruk-og-kast-bilete
Bilete tekne av andre tilsette ved NHM, med avgrensa kvalitet og gjerne levetid. Dette kan t.d. vera illustrasjon til meldingar som "Nå blomstrer trollhassel", "Godt besøkt insektdag" o.l.

Det ligg ikkje føre nokon planar eller intensjonar om å gjera heile eller større deler av biletmaterialet til NHM tilgjengeleg på NHMs nettsider.

Ingenting tydar på at det ville vera råd å gjera dette til ei inntektsgevande teneste innanfor ramma av UiO sine løysingar. Å gjera deler av innhaldet offentleg tilgjengeleg ("public domain") er ikkje utenkjeleg. Det vil vera for ressurskrevjande å gjera dette på ein fornuftig måte for NHM åleine, men innhald som vert levert til Artsdatabanken vert lisensiert under Creative Commons-avtalar som gjer innhaldet ope tilgjengeleg.

For andre bilete vert det vurdert i kvart enkelt tilfelle om det skal krevjast vederlag for bruken. Typisk vil store forlag måtta betala om dei ynskjer foto brukt i lærebøker t.d. Inntektene av dette er likevel forsvinnande lite. Informasjonskonsulent Karin-Brit Schonhowd anslår at det kan vera to år sidan sist vi fekk ein slik henvendelse.

Bruken av bilete teke av fotografane ved NHM er regulert gjennom arbeidsavtale og lov om opphavsrett. Desse bileta er ikkje automatisk tilgjengelege verken for tilsette ved NHM eller UiO. Bruken skal godkjennast av fotografen eller fotografen sin overordna.

Tidvis hender det at eksterne får løyve til å fotografera eller filma ved museet mot at NHM får bruka resultatet. I dei tilfella vert det gjort ein avtale ut frå ein standardkontrakt.

Pga. retningslinjene for publisering av bilete på sosiale medier, har NHM valgt ei restriktiv linje på bruk av bilete som er tekne av museet sine fotografar, på desse kanalane. Bilete som vert brukt på Facebook fell i inn under kategori 3 ovanfor. NHM knyter ingen andre interesser til desse bileta, og publisering skjer berre med eksplisitt godkjenning av fotografen.

Sjå også Fotojuss for ABM: http://kulturradet.no/documents/10157/154222/5087-fotojuss_web.pdf